



# Årsmelding 2011



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Visjon

Vi vernar verdiar

Verdiar

Truverdige

Hjelsame

Samhandlande

# Innhaldsliste

## **Lotteri- og stiftelsestilsynet**

Vi skal bruke kunnskapen vi får	5
Slik er vi organisert	7
Milepælar i 2011	8

## **Stiftelsestilsynet**

Stabilitet prega Stiftelsestilsynet	11
Dårlege rutinar ved kjøp og sal av eigedom	12
Lovendring kan spare stiftelsar for millionar	13
Seks stiftelsar nyttar Nansen-namnet	14
Nynorsk og islam i stiftelsar	14
Første utanlandske gjesten	15
Ein stadig viktigare møtestad	16
Statistikk stiftelsar	18

## **Lotteritilsynet**

Stabilt i Førde – men endringar på Hamar	21
Forbodet mindre effektivt enn målet	23
Bingobransjen i endring	24
Første pyramidevedtak etter nye reglar	25
Den regulerte marknaden nådde 26 milliardar	26
Stadig fleire brukar mobiltelefonen til pengespel	30
Trafikken på Hjelpelinja auka med 12 prosent	32

## **Momskompensasjon**

Over 600 millionar til frivillige organisasjonar	35
Nesten 25 millionar til idrettsanlegg	37
Profesjonelt og korrekt tilsyn	39
Ny nettside og blogg	41
Forstått på første forsøk	43
Nyttige svar i stor brukarundersøking	45
Fleire endringar i leiinga	47
Flytting av tilsyn var jubileumstema	49
Nøkkeltal 2011	50

# Lotteri- og stiftelsestilsynet 2011



# Vi skal bruke kunnskapen vi får

Lotteri- og stiftelsestilsynet får stadig ny kunnskap om våre tre fagfelt - pengespel, stiftelsar og momskompensasjon. Dette har vi tenkt å utnytte og systematisere gjennom eit kunnskapsprosjekt.

Vårt ambisiøse mål er at vi på denne måten skal medverke til å auke nordmenns kunnskapsnivå både om filantropi, den store frivillige sektoren her i landet og den samfunnsbyggjande rolla organisasjonar og stiftelsar har. På den måten vil vi også vere ein attraktiv leverandør av kunnskap for våre brukarar og interessegrupper.

## Stiftelsestilsynet i rute

Stiftelsestilsynet nådde i 2011 endeleg sine mål om å bygge ned restansane i sakhandsaminga. Der er vi no i rute, etter at dei første fem-seks åra medførte mykje ryddearbeid i stiftesesmarknaden.

Vi hadde også ei svært vellykka utgåve av Stiftelseskonferansen i 2011. Tilbodet med parallele sesjonar blir godt motteke. Dessutan hadde vi for første gong ein gjest som kunne sjå stiftelses-Norge i eit utanlandsk perspektiv.

## Stabilt for Lotteritilsynet

Lotteri og pengespel var i 2011 prega av stabile marknader. Likevel har framleis styresmaktene store utfordringar når det gjeld uregulert spel på Internett. Dette vart understreka av den endelege rapporten om forbodet mot betalingsformidling som vi laga hausten 2011. Rapporten, med framlegg til endringar, vart overlevert Kulturdepartementet i januar 2012.

Bingomarknaden var gjennom endringar i 2011. Målet er at ein større del av omsetninga skal dreiaast tilbake frå dei elektroniske sidespela til hovudspela. I tillegg starta Norsk Tipping utplasseringa av sine Belago-terminalar. Framleis vil bingo vere ein arena som skaper inntekter til lag og foreiningar som er viktige i sine lokalsamfunn.

Samarbeidet med dei store statlege operatørane Norsk Tipping og Norsk Rikstoto var godt også i 2011.

## Momskompensasjon aukar

Lotteri- og stiftelsestilsynet kunne i fjar dele ut vel 660 millionar kroner i momskompensasjon – den høgste summen så langt. Dette er sjølv sagt også eit viktig bidrag til den frivillige sektoren her i landet.

Vi har lykkast å setje saman eit momsteam med god kompetanse på eit fagfelt som no tek til å setje seg. God dialog med Kulturdepartementet gjer at justeringar av regelverket har glidd greitt.

## Nye kostar i leiinga

Leiinga i Lotteri- og stiftelsestilsynet har vore svært stabil sidan starten. I 2011 var leiarteamet tilført nye andlet og ny kunnskap. Kåre Eide overtok som leiar av den tekniske avdelinga vår, Anne-Mette Hjelle vart tilsett som ny kommunikasjonsdirektør, og mot slutten av året tok Gunn Merete Paulsen over som avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet.

Dermed kan vi gå laus på vårt andre tiår med eit vitalisert og motivert leiarteam.

## Første tiåret

I januar i 2011 var det ti år sidan Lotteritilsynet vart etablert i Førde. I 2005 kom Stiftelsestilsynet til. Vi markerte dei ti første åra med ein konferanse i Førde. Her sette vi søkjelyset på utflytting av tilsyn frå Oslo.

Etter det første tiåret har eg glede av å vere direktør for ein svært kompetent gjeng med tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet.




Atle Hamar  
direktør

# Kommunikasjon og samhandling



Kommunikasjon og samhandling var tema på årets personaltur som gjekk til Skjerjehamn.  
Frå venstre Linda Vøllestad Westbye, Janne Kleiven, Gunn Merete Paulsen, Bente Hermansen og Silje Sægrov.

# Slik er vi organisert



# Milepælar i 2011

## Januar

- Endringar i bingoforeskrifta trer i kraft – grense for databingoterminalar pr. hall.
- Vi opnar tilsynssak mot EuroLotto.
- Vi feirar 10-årsjubileum med konferanse.
- Kulturministeren markerer nytt kontorbygg.

## Februar

- Vi sender årsrapport for 2010 til Kulturdepartementet
- Alle stiftelsar får faktura på årsavgift
- Over 200 bingoentreprenørar sender rekneskap for 2. halvår 2010
- Vi får nesten 400 rekneskap for foreningsbingo
- Vi sender førebels evaluering av betalingsformidlingsforbodet til Kulturdepartementet
- Vi sender fjernspelrapporten for 2010 til Kulturdepartementet
- Vi deler ut tilskot til frivillige støttegrupper som arbeider mot uheldig speleåtferd

## Mars

- Ny versjon av stiftelsesregisteret.
- Årsmelding for 2010 er klar og blir presentert.
- Vi opnar tilsynssak mot Wealth Masters International som vi meiner er ein ulovleg pyramide.

## April

- Vi sender evalueringsrapport om marknadsføring av statlege pengespel til Kulturdepartementet.
- Vi sender informasjonsbrev om rekneskapsrapportering til 5000 lotteriverdige organisasjonar.
- Vi starta arbeidet med nytt transaksjonsbasert kontrollsysteem for Norsk Tipping sine talspel.

## Mai

- Vi arrangerer Stiftelseskonferansen 2011 i Førde og overfører direkte på nettet.
- Arbeidet med ny temakontroll startar i Stiftelsestilsynet.
- Vi har vårt halvårlege etatstyringsmøte med Kulturdepartementet i Oslo.
- Vi har personaltur til Skjerjehamn med vekt på samhandling og kommunikasjon.
- Vi sender ut søknadsskjema om tilskot til organisasjonar som fekk tildeling i fjar.
- Vi set i drift nytt transaksjonsbasert kontrollsysteem for Norsk Rikstoto.

## Juni

- Vi er klare med ny klarspråkprofil for alt skriftleg arbeid.
- Vi foreslår og sender lovendring om påtalekompetanse til Justisdepartementet.
- Vi tilbyr elektronisk søknadsskjema for momskompensasjon.
- Frist for søknad om tilskot til lotteriverdige organisasjonar frå overskotet i Norsk Tipping.
- Frist for rekneskapsrapportering frå lotteriverdige organisasjonar.
- Vi deltok på Gaming Regulators European Forum på Jersey.

## Juli

- Stiftelsestilsynet er à jour med alle forvaltningssaker fra 2010 og før
- Vi er klare med nye brevmalar og standardbrev for momskompensasjon
- Vi betaler ut tilskot frå overskotet til Norsk Tipping til organisasjonar i 10H-gruppa på vel 511 millionar kroner
- Lotteritilsynet sender innspel på Green Paper om online gambling.

## August

- Vi går over til nye og meir brukarvennlege nettsider i wordpress
- Vi opprettar ny blogg og aukar satsinga på sosiale medium.
- Vi vedtar ny tilsynsmetodikk.
- Vi sender forslag om endring av likningslova til Justisdepartementet.
- Søknadsfristen for momskompensasjon går ut 15. august.
- Nye brevmalar og standardbrev i Stiftelsestilsynet er språkvaska og revidert.

## September

- Vi har plan- og strategimøte med Kulturdepartementet i Solvorn.

## Oktober

- Frist for innsending av bingosøknader for 2012.
- Vi sender framlegg til ny Handlingsplan til Kulturdepartementet.
- Lotteritilsynet deltek i internasjonalt samarbeid på IAGR-konferansen.
- Vi startar arbeidet med ny versjon av intranettet.

## November

- Vi er ferdige med lovforslag om å unnta mindre stiftelsar offentleg tilsyn.
- Tipstenesta i Stiftelsestilsynet blir satt i drift.
- Vi har halvårleg etatstyringsmøte med Kulturdepartementet i Førde.
- Nordiske lotteristyretemakter har samarbeidsmøte i Stockholm.
- Vi sender tilsynsrapport om revisjon av internasjonalt totalisatorspel til Norsk Rikstoto.
- Vi går over til revisionsbaserte trekningar i Norsk Tipping, og legg ned vår avdeling på Hamar.
- Vi sender ut vedtak om endeleg tildeling av tilskot til lotteriverdige organisasjonar.

## Desember

- Vi sender "Legal and Fiscal Country Profile" om norske stiftelsar til EFC.
- Vi betaler ut 643 millionar kroner i momskompensasjon.
- Vi leverer uttale om framlegg til endringar i Norsk Tipping sine sportsspel.
- Vi sender evalueringssrapport til Kulturdepartementet om spel på elektroniske kanalar i Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.
- Lotterinemnda stadfester at Wealth Masters International er ein ulovleg pyramide.
- Departementet stadfester vårt vedtak om at Cherryføretagen må stoppe ulovlege spel.
- Vi betalar ut tilskot til 354 organisasjonar – til saman 51 millionar kroner.
- Vi er ferdige med handsaminga av bingosøknader for 2012.
- Vi får resultatet av tilsynets store brukarundersøking.

# Stiftelsestilsynet



Avdelingsdirektør Gunn Merete Paulsen



Tilsette frå begge dei to teama i Stiftelsestilsynet, framme frå venstre Øystein Fosstvedt, Bente Hermansen og Marit Kolstad.  
Bak frå venstre Bjarte Urnes, Terje Gjertsen, Liv Tystad og Britt Gundersen.

# Stabilitet prega Stiftelsetilsynet

Stiftelsetilsynet var prega av stabilitet i 2011. Blant anna som følgje av dette var vi før sommarferien ferdige med alle 2010-sakene, og var i det alt vesentlege ajour med sakshandsaminga av andre saker.

Stabiliteten gjorde seg gjeldande på fleire felt. Saks-mengda for både Team tilsyn og Team forvaltning stabiliserte seg, og det same gjorde bemannings-situasjonen. Publikumsdelen av Stiftelsesregisteret var stabilt tilgjengeleg i 2011.

## Ajour på sakshandsaming

Stiftelsetilsynet brukte året til å effektivisere sakshandsaminga av forvaltingssakene, og dette gav resultat. Restansane vart reduserte, og i juni var vi ferdige med alle sakene frå 2010. Sidan den tid har vi vore ajour i sakshandsaminga.

Knappe ressursar gjorde at det vart rydda kraftig i talet på tilsynssaker i 2010. Etter dette har arbeidet i tilsynsteamet vore prega av streng prioritering av kva for saker som blir opna. Vi stiller strengare krav til vesentleghet enn tidlegare, noko som er heilt nødvendig for å halde talet på opne tilsynssaker på eit nivå som er tilpassa ressursituasjonen. På sikt er dette klart bekymringsfullt.

## Informasjon viktig

Stiftelsetilsynet la vekt på proaktivt tilsynsarbeid i 2011. Å stille opp og dele kunnskap og erfaring blir prioritert når vi kan. Informasjonsarbeid i vid forstand er dessutan viktig både for å førebyggje feil og hindre forsøk på å tappe stiftelsars økonomisk.

Ein viktig del av forvaltingsteamet sine oppgåver er også rettleiling og service overfor personar med tilknyting til stiftelsane. Teamet får mange tilbakemeldingar om at kundane våre er godt nøgde med servicen og den faglege kvaliteten på arbeidet.

## Mykje lovarbeid i 2011

Lovarbeid stod sentralt i Stiftelsetilsynet i 2011. Det vart gjennomført eit større arbeid som konkluderte med eit forslag om at ein del mindre alminnelege stiftelsar bør få eit enklare tilvære. I tillegg utarbeidde vi lovfor slag som vil gi tilsynet påtalekompetanse på vegner av stiftelsane, og tilgjenge til teiepliktige opplysningar hos skatteetaten.

Det vart gjennomført eit større arbeid som munna ut i eit forslag om eit enklare tilvære for ein del mindre alminnelege stiftelsar. Stiftelsetilsynets erfaring viser at det kan stillast spørsmål ved om det er behov for så stor grad av tilsyn med dei minste pengeutdelande stiftelsane. Ein konsekvens av dette vil også vere at det må vurderast om det er nødvendig for desse stiftelsane å vere omfatta av den strenge plikta til rekneskap og revisjon som gjeld i dag. Ei slik forenkling vil omfatte om lag 2 500 små alminnelege stiftelsar.

## To mindre framlegg

I tillegg har Stiftelsetilsynet utarbeidd framlegg til endring av stiftelseslova, og eventuelt straffelova, slik at tilsynet kan politimelde saker på vegner av ein stiftelse. Dessutan er det laga framlegg til endring av likningslova slik at Stiftelsetilsynet blir blant dei offentlege instansane som kan hente teiepliktige opplysningar hjå skatteetaten.

Vi har også brukt ressursar på EFC-benchmarking. Dette er ei samanlikning av rettsreglar for stiftelsar i mange europeiske land. European Foundation Centre er ansvarlege for undersøkinga, og samlar alle land sine oversikter i ei bok.

I 2011 stod Stiftelsetilsynet som vertskap for Stiftelseskonferansen 2011 i Førde (sjå eigen artikkel). Vi fekk svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane på den fjerde stiftelseskonferansen vi har arrangert.

## Ny temakontroll

I 2011 gjennomførde vi også ein ny stor stikkprøve-kontroll. Denne gongen sette vi søkjelyset på kjøp og sal av fast eigedom i norske stiftelsar (sjå eigen artikkel).

Ved utgangen av året var det 12 årsverk i Stiftelsetilsynet.

# Dårlege rutinar ved kjøp og sal av eigedom

Stiftelsestilsynet gjennomførde i 2011 ein stikkprøvekontroll blant 39 norske stiftelsar som kjøpte eller selde eigedomar i åra frå 2006 til og med 2010. Konklusjonen er at mange stiftelsar har for dårlige rutinar ved eigedomstransaksjonar.

Fast eigedom er ofte ein vesentleg del av kapitalforvaltinga i ein stiftelse, og bakgrunnen for denne temakontrollen var mellom anna eit ønske om å få meir kunnskap om korleis stiftelsane handterer kjøp og sal av eigedom.

## Risikoene aukar

Dårleg internkontroll aukar generelt sjansen for misleg-hald i stiftelsane. Manglande rutinar og system ved kjøp og sal av fast eigedom aukar også risikoen for at stiftelsen lir tap som følge av medvitne eller umedvitne feil som blir gjorde.

Her er dei viktigaste funna i stikkprøvekontrollen:

- Berre 8 av dei 39 stiftelsane hadde rutinar som beskriv framgangsmåten ved kjøp og sal av fast eigedom.
- Berre 8 av stiftelsane svarte at dei har ein strategi for forvaltning av fast eigedom.
- Av 136 salstransaksjonar skjedde under halvparten ved fri omsetning.
- Ved dei same 136 transaksjonane vart berre 25 avgjorde ved realitetsvedtak i styremøte.

Desse tala dokumenterer manglande eller mangelfull kontroll, og understrekar behovet for faste rutinar ved kjøp og sal av eigedom i norske stiftelsar. Styret i stiftelsen er ansvarleg for forsvarleg forvaltning av kapital, slik at formålet med stiftelsen kan realiseraast i størst mogeleg grad.

## Tre moglege tiltak

På bakgrunn av funn i stikkprøvekontrollen, tilrådde Stiftelsestilsynet at følgjande tre moment blir lagt til grunn for styret si handsaming av transaksjonar av eigedom:

- Alle avgjelder om kjøp og sal av fast eigedom skal vedtakast i styret. Dersom styret ikkje finn dette nødvendig, skal det grunngjenvæst i eit styrevedtak.
- Det må utarbeidast rutinar som reduserer risiko som følgje av medvitne eller umedvitne feil.
- Styret må sikre seg at dei har tilstrekkeleg kompetanse for å gjennomføre transaksjonen til det beste for stiftelsen.

Stiftelsestilsynet ventar i tida framover at stiftelsar utarbeider faste og gode rutinar for kjøp og sal av eigedom. Dette reduserer risikoen for at stiftelsar kan miste verdiar som skal komme det vedtektsfesta formålet til gode.

## Andre temakontrollen

Dette er den andre temakontrollen Stiftelsestilsynet har gjennomført. I 2010 vart internkontrollen i 170 stiftelsar med eigenkapital mellom 10 og 100 millionar kroner kontrollert. Resultatet avslørte at mange stiftelsar har for dårlig internkontroll i forvaltninga av kapitalen. Årets kontroll er ei oppfølging av kontrollarbeidet i Stiftelsestilsynet. Den første temakontrollen vart gjennomført i 2010.



Høgre: Seniordirektør Bjarte Urnes og rådgjevar Bente Hermansen stod for mykje av arbeidet med temakontrollen i 2011.

Venstre: Gunn Merete Paulsen vart tilsett som ny avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet i desember 2011. Ho var i fleire år seniordirektør i fagavdelinga.



# Lovendring kan spare stiftelsar for millionar

Små alminnelege norske stiftelsar kan i framtida til saman spare mellom 15 og 20 millionar kroner i året på at dei får ein enklare og mindre byråkratisk kvardag.

Bakgrunnen er eit framlegg til lovendring som Stiftelsetilsynet hausten 2011 sende til Justisdepartementet. Her blir det føresleger lovendringar som vil kunne frita mange mindre stiftelsar frå offentleg tilsyn. Som ein konsekvens av dette vil dei også bli fritekne frå krav om rekneskaps- og revisorplikt.

Utgifter til rekneskap og revisor er tyngande for ein del av dei minste alminnelege stiftelsane. Overslag Stiftelsetilsynet har gjort, viser at aktuelle stiftelsar årleg vil spare millionbeløp som dermed vil komme formåla i stiftelsane til gode.

## Treng ikkje tilsyn

Stiftelsetilsynts erfaringar viser at det ikkje er behov for å føre tilsyn med det store fleirtalet av dei minste stiftelsane. På den bakgrunnen meiner tilsynet at det heller ikkje er nødvendig for desse stiftelsane å vere omfatta av den strenge rekneskaps- og revisorplikta som gjeld i dag. Ordningsa vil omfatte ca 2500 stiftelsar som kan få ein vesentlig enklare og mindre byråkratisk kvardag.

## To typer alminnelege stiftelsar

Stiftelsetilsynet meiner stiftelseslova bør endrast slik at det i framtida blir to typar alminnelege stiftelsar. Den ene blir føreslegen klassifisert som alminnelege stiftelser med offentleg tilsyn (AMO) som i dag.

Den andre blir føreslegen klassifisert som alminnelege stiftelsar unntake offentlig tilsyn (AUO).

Forutan endringane som blir føreslegne i stiftelseslova, vil framlegget frå Stiftelsetilsynet også krevje endringar i rekneskapslova og revisorlova.

## Grense på eigenkapital

Stiftelsar må søke om å bli klassifisert som stiftelse utan offentleg tilsyn dersom lovforslaget blir vedteke. Grensa for å kunne søke blir føreslegen sett ved en bokførd eigenkapital på inntil 300 000 kroner. Stiftelsen kan heller ikkje ha behov for offentleg tilsyn, og regelverket omkring dette må vere enkelt og lett å praktisere.

Stiftelsetilsynet meiner dei føreslegne endringane vil motivere fleire til å etablere små alminnelege stiftelsar, ikkje minst i distrikta.

## Mange er avvikla

Mange av dagens stiftelsar har ein kapital som er såpass liten at kostnader til rekneskap og revisjon gjer at dei får problem med å realisere formåla med stiftelsane. Av den grunn er det mange stiftelsar som har søkt om å bli avvikla dei siste åra.



Høgre: Seniordirektor Per Ole Sollie jobbar med mellom anna med vidareutvikling av Stiftelsesregisteret, og lagar statistikk i Stiftelsetilsynet.

Venstre: Seniordirektor Terje Gjertsen var leiar av Team tilsyn i 2011.



## Seks stiftelsar nyttar Nansen-namnet

Dei kjende norske polfararane vart feira av heile nasjonen i 2011 som vart ståande som Nansen-Amundsen-året. Nansen har også sett spor etter seg i norske stiftelsar som låner det kjende namnet.

I 2011 var det 150 år sidan Fridtjof Nansen vart fødd. Han markerte seg etter kvart både som polfarar, diplomat og vitenskapsmann.

I dag er det ikkje mindre enn seks stiftelsar som ber Nansen-namnet, og nokre av dei er av nyare dato. Det er snakk om følgjande stiftelsar:

- Stiftelsen Nansen senter for miljø og fjernmåling
- Fridtjof Nansen-stiftelsen på Polhøgda
- Nansenskolen
- Fridtjof Nansens fond til videnskapens fremme
- Nansen human foundation stiftelse
- Stiftelsen Nansen scientific society

Du finn meir informasjon om dei einskilde stiftelsane i Stiftelsesregisteret.

## Nynorsk og islam i stiftelsar

Norske stiftelsar nyttar i stor grad bokmål som skriftspråk. Men det finst likevel over 500 stiftelsar som brukar nynorsk.

I 2011 var det sju prosent av stiftelsane som nyttar nynorsk – resten har bokmål som målform. Ei forklaring på bokmålsdominansen er at svært mange stiftelsar held til i dei største byane der bokmål tradisjonelt står sterkt.

Vi byrjar også få norske stiftelsar som er forankra i islam. Til dømes finst det ein stiftelse som heiter Evangeliet for muslimene. I tillegg er det tre stiftelsar som har islam i namnet sitt:

- Rahma Islamic relief fund
- Islamic institute Oslo Norway
- Den islamske stiftelse i Norge

Stiftelsen Urtehagen driv mellom anna barnehagar. Drifta i denne stiftelsen er også basert på islam.

# Første utanlandske gjesten

Til Stiftelseskonferansen 2011 hadde vi for første gong invitert ein utanlandsk føredragshaldar. Managing Director Dr. Volker Then frå universitetet i Heidelberg snakka over temaet "European developments and their impact on the Norwegian foundation sector".

Vi fekk svært gode tilbakemeldingar frå deltagarane om programmet og det faglege innhaldet på konferansen. Stiftelseskonferansen 2011 var den fjerde i rekka arrangert i Førde. Konferansane blir arrangert om våren annakvart år.

Nytt i 2011 var også at konferansen blei overført direkte på nettet. Opptak av føredraga er dessutan tilgjengeleg på Stiftelsestilsynet sine heimesider.

Les meir om Stiftelseskonferansen 2011 på dei neste to sidene.



*Managing director Dr. Volker Then (t.h.) frå universitetet i Heidelberg er den første utanlandske foredragshaldaren som er invitert til Stiftelseskonferansen. Her saman med Finn Sørhus som var avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet fram til november 2011.*

# Ein stadig viktigare møtestad

Stiftelseskonferansen har etablert seg som ein stadig viktigare møtestad for norske stiftelsar. Ei spørjeundersøking blant deltakarane på Stiftelseskonferansen 2011 understrekar dette.

Vi spurde dei vel 150 eksterne påmelde deltakarane om kor viktig dei meiner Stiftelseskonferansen er. Og på ein skala frå 1 til 5, der 5 var svært viktig, var gjennomsnittscore 4,5.

## Stikkprøvekontroll utgangspunkt

Utgangspunktet for Stiftelseskonferansen 2011 var stikkprøvekontrollen i 2009 om internkontrollen i norske stiftelsar. Konklusjonen var at internkontrollen i mange

stiftelsar er for dårlig (sjå eigen artikkel). Det var naturleg at styrets ansvar dermed stod sentralt i oppfølginga på Stiftelseskonferansen.

## Første utanlandske gjest

Nytt denne gongen var også at vi hadde invitert vår første utanlandske føredragshaldar. Managing Director Dr. Volker Then frå universitetet i Heidelberg snakka om temaet "European developments and their impact on the Norwegian foundation sector".



Styreleiar Francis Sejersted og administrerande direktør Erik Rudeng representerte Institusjonen Fritt Ord på Stiftelseskonferansen 2011.

## **Samarbeidspartner**

Konferansen hadde i 2011 både Den norske Revisorforening og Stiftelsesforeningen som samarbeidspartner. Revisorforeningen var oppteken av å følgje opp fakta som kom fram om revisjon i stikkprøvekontrollen. Foreningen var difor godt synlig med stand, og adm. dir. Per Hanstad holdt føredrag om stiftelsesstyrets samarbeid med revisor.

## **God fordeling**

Dette var den fjerde stiftelseskonferansen som blir arrangert i Førde. Konferansen går om våren annakvart år, og det er stabilt god interesse for å delta – både blant store og små stiftelsar. Breidda i deltakinga gjorde at vi også på konferansen i 2011 første dag hadde tre parallelle sesjonar. Det var god fordeling mellom sesjonane, noko som viser at vi trefte bra med innhaldet

## **Vil vere tilgjengelege**

Stiftelsestilsynet ønskjer å yte god service til deltakarane på desse konferansane. Difor la vi også denne gongen vekt på at tilsette i fagtilsynet var tilgjengelege for spørsmål og diskusjonar i pausar og under festmiddagen. I tillegg bad vi deltakarane svare på eit evalueringsskjema, og godt over halvparten tok seg til tid å gje oss tilbakemelding som er nyttige når vi skal arrangere framtidige konferansar.

Evalueringane frå deltakarane gav oss også anna verdfull tilbakemelding. Til dømes spurde vi deltakarane om i kor stor grad dei meiner Stiftelsestilsynet lever opp til sine verdiar om å vere hjelpsam, truverdig og samhandlande. På skalaen frå 1 til 5, der 5 er i stor grad, låg gjennomsnittscore på godt over 4 for alle verdiane.



*Kathrine Smith Seland, RMS Hasner AS (t.v.) i hyggeleg passiar med Hilde Kolberg Olsen frå Inter Revisjon Fredrikstad på konferansen i Førde.*

## 10 største stiftelsar utanom sparebank og finans

Namn	Eigenkapital i millionar 2010
Institusjonen Fritt ord	2741
Stiftelsen SINTEF	1828
Kristiansand kommunes energiverkstiftelse (Cultiva)	1363
Stiftelsen Det norske veritas	1221
Stiftelsen UNI	1108
Stiftelsen Brunstad konferansesenter	1029
Grieg Foundation	1021
Elisabeth og Knut Knutsen OAS feriehjem	886
Stiftelsen Kristian Gerhard Jebsen	881
Stiftelsen Norges Varemesse	796


## 10 største stiftelsar sparebank og finans

Namn	Eigenkapital i millionar 2010
Gjensidigestiftelsen	23 359
Sparebankstiftelsen DNB Nor	8 533
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	1 784
Sparebankstiftelsen Ringerike	839
Sparebankstiftelsen Helgeland	545
Sparebankstiftelsen Gran	512
Sparebankstiftelsen Jevnaker Lunner Nittedal	463
Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad	349
Sparebankstiftelsen Sauda	153
Sparebankstiftinga Hardanger	150


## 10 største stiftelsar etter talet på tilsette

Namn	Talet på tilsette
Kirkens Bymisjon	1689
SINTEF	1188
Kanvas	1093
Signo	1037
Handelshøyskolen B	937
Institutt for energiteknikk	611
Betanien Bergen	529
Vappusbarnehagene	403
Modum Bad – Gordon Johnsons stiftelse	293
Norsk Institutt for naturforskning NINA	274

## Stiftelsar fylkesvis 31.12.2011



## Kvalitetsutvikling 2009 - 2011



# Lotteritilsynet



Elna Berge er avdelingsdirektør i Lotteritilsynet.



Team lotteri/tilskot, framme frå venstre Stig Årdal, Trine Levanger, Anne-Lise Bekjorden som var teamleiar i 2011 og Tore Bell. Bak frå venstre Synnøve B. Pukallus, Johnny Gustavsen, Målfrid Kibsgaard og Carmen Vie.

# Stabilt i Førde – men endringar på Hamar

Det var ikkje organisatoriske endringar i Lotteritilsynet i 2011. Men kontrollen av Norsk Tipping vart lagd om slik at talet på tilsette ved vår avdeling på Hamar gjekk ned frå fem til to.

Fagavdelinga hadde mot slutten av året 20 medarbeidara fordelt på tre team med ansvar for kvar sine fagområde:

- Team lotteriforvalting og tilskot
- Team marknadskontroll og speleåtferd
- Team statlege pengespel

Teama er tverrfagleg samansette, og omfattar mellom anna fagområde som jus, revisjon og statsvitenskap.

Oppgåva som teamkoordinator rullerer, med skifte kvart år. Mange av medarbeidarane har lang lotterifagleg erfaring i tillegg til praksis frå anna offentleg forvalting.

## Over til revisjonskontroll

I løpet av 2011 endra vi vår kontroll av Norsk Tipping. Vi gjekk i større grad over frå tradisjonell transaksjonskontroll til revisjonsbasert tilsyn, på grunnlag av risiko- og vesentleghetsanalyser. Dette er i tråd med vår nye tilsynsmetodikk, som vart utarbeidd i 2011.

I 2011 hadde tilsynet ein jamn straum av saker. Vi har også hatt nokre store oppdrag frå Kulturdepartementet som har kravd ein del ressursar. Det har mellom anna vore juridiske vurderinger opp mot EU-retten og norsk rett, forutan prinsipielle vurderinger av grensene for ytringsfridom.

## Mykje kontrollarbeid

Vi har også i 2011 ført kontroll med Norsk Tipping og Norsk Rikstoto si marknadsføring, og distribusjon av spel over elektroniske kanalar. Desse kontrollane har ikkje avdekkja mange avvik i høve til regelverket.

Team marknadskontroll og speleåtferd har følgt marknaden rundt pyramideliknande konsept, og slått ned på ei ulovleg pyramide (sjå eiga sak), samt ulovlege lotteri og pengespel, i tillegg til ulovleg marknadsføring av lotteri og pengespel utan løyve.

Elles har team lotteriforvalting og tilskot som vanleg ført kontroll med bingobransjen, ved gjennomgang av rekneskapsopplysingar frå alle bingoentrepreneurane vår og haust, forutan stadlege kontrollar. I tillegg mottok tilsynet rekneskapsopplysingar frå nær 5000 lotteriverdige organisasjonar, og vi gjennomførte nærmare kontroll med bruken av lotteriinntekter i 18 ulike organisasjonar.

## Strategidokument

I 2011 har vi laga eit eige strategidokument for marknadskontroll som i detalj ser på, og grunngir, kva for område innan lotteri og pengespel vi skal prioritere. Vi har også fått avklaringar frå Kulturdepartementet med tanke på framtidige reaksjonar mot utanlandske spelselskap.

## Utdeling til støttegrupper

I 2011 hadde vi 800 000 kroner til fordeling til frivillige støttegrupper som arbeider mot speleproblem, og det kom inn søknader for til saman 1 050 000 kroner. Heile beløpet vart delt ut til prosjekt knytt til problemstillingar rundt data- og penge-spelproblem.

## Regelverksutvikling

Regelverksutvikling tok ein del ressursar også i 2011. Det vart såleis jobba både med ny skrapeloddforordning, endringar i bingoforskrifta og arbeidet med speleregular for Norsk Tipping sine planar om nye nettspel (sjå eigen artikkel).

## Samarbeid med skatteetaten

Representantar frå team marknadskontroll og speleåtferd har i 2011 hatt fleire møter med skatteetaten si e-handelsgruppe som mellom anna arbeider med problemstillingar som gjeld pengespel. Dette har vore nyttig kompetanse-utveksling.

Lotteritilsynet har jamleg kontakt med Forbrukarombodet, Medietilsynet og skatteetaten når det dukkar opp spørsmål som rører ved fleire av fagområda.

## **Dialog med politiet**

Vi har hatt god dialog med andre styresmakter i fleire saker. Hausten 2009 og vinteren 2010 melde Lotteritilsynet fleire lokalinnnehavarar til politiet for å tilby spel på ulovlege speleautomatar. I 2011 har vi aktivt følgt opp desse meldingane ved å ha ein dialog med politiet i dei ulike sakene.

## **Internasjonalt**

Som ein del av det å føre tilsyn og kontroll, må vi halde oss oppdaterte på kva som skjer i våre naboland, i EU og elles i verda. Vi arbeider på eit internasjonalt fagområde, og det som skjer ute, påverkar pengespelmarknaden i Noreg. Vi har difor delteke på konferansar og møter i regi av andre myndigheter, men også i regi av spelebransjen. Dette gir oss uvurderlig kunnskap som vi nyttar i arbeidet vårt.

Lotteritilsynet deltok i 2011 både på europeiske og internasjonale konferansar. Våre fagfolk på speleåtførd hadde mellom anna foredrag både på Gaming Regulators European Forum (GREF) på Jersey og International Association of Gaming Regulators (IAGR), som i 2011 vart halde i Cape Town, Sør-Afrika.

Sommaren 2011 sende vi over til Kulturdepartementet eit utkast til norsk svar på EU-kommisjonen sitt "Green Paper on online Gambling in the internal market".



*Team statlege spel fotografert før avdelinga på Hamar vart avvikla. Frå venstre Bjørg Blystad, Jan Petter Sæbø, Marit Hval, Eva Andreassen, Wenche Aaslund, Tone Sterud og Agnar Aamot.*

# Forbodet mindre effektivt enn målet

Forbodet mot å formidle betaling til utanlandske pengespelselskap har vore mindre effektivt enn det som var målet. Likevel er tilgangen til pengespel utan norsk løyve blitt litt meir vanskeleg.

Det var hovudkonklusjonen i ein rapport som Lotteritilsynet i januar 2012 sende til Kulturdepartementet. Her vart betalingsformidlingsforbodet vurdert etter at tilsynet hadde jobba mykje med denne saka i heile 2011. Redusere tilgjengen

Forbodet mot å overføre pengar til utanlandske speselskap vart innført 1. juni 2010. Målet var å bidra til redusert tilgjenge på pengespel som det ikkje er lov å tilby her i landet. Lotteritilsynet har følgt utviklinga, og det viser seg at mange speleselskap har tilbod om tredje-partsløysingar der spelaren ikkje opplever anna enn ei direkte pengeoverføring frå seg til speleselskapet.

## Nokre avslutta tilbodet

Lotteritilsynet konkluderte med at forbodet mot betalingsformidling vil ha ein viss effekt på rekrutteringa av nye spelarar. Det har også ført til at ein del utanlandske speleselskap ikkje lenger tilbyr pengespel retta mot norske kundar.

Likevel viser Lotteritilsynet sine estimat for 2011 at talet på nordmenn som spelar på utanlandske nettstader er stabil (sjå eigen artikkel). Lotteritilsynet reknar med at nordmenn satsa om lag like mykje i den uregulerete pengespelmarknaden i i 2011 som året før – det vil seie ca fem milliardar kroner.

## Framlegg til tiltak

Lotteritilsynet meiner Kulturdepartementet bør vurdere å effektivisere forbodet mot betalingsformidling. Blant anna blir følgjande tiltak føreslegne:

- tettare samarbeid med banknæringa
- tilgang til Valutaregisteret
- avisering av transaksjonar på spelselskapets namn
- rapporteringsplikt for bankane



Rådgjevar Linda Vøllestad Westbye og seniorrådgjevar Jonny Engebø stod sentralt i arbeidet med å utarbeide framlegg til ny handlingsplan for dei komande fire åra.

# Bingobransjen i endring

I dei siste åra har bingo hatt ein sterk vekst, først og fremst på sidespel. I 2011 kom det til ni nye bingohallar, slik at talet nådde 228.

Omsetninga i entreprenørbingo har dei siste åra lege på over fem milliardar kroner, og denne auken kjem også lotteriverdige formål til gode. Men det er venta at endringar i bingoforskrifta, innført frå 1. januar 2012, vil føre til ein reduksjon både i omsetning og talet på bingohallar.

## Over 3000


Rundt rekna 3 400 lotteriverdige organisasjonar mottok inntekter frå bingomarknaden i 2011. I overkant av 3 000 av desse fekk inntekter frå bingo med entreprenør, og vel 300 organisasjonar fekk inntekter frå foreningsbingo.

Endringane i forskrifta har resultert i noko meir satsing på hovudspel. Dette gjeld særleg for dei hallane som tidlegare ikkje hadde nemneverdig omsetning i hovudspelet.

Dette har igjen ført til at entreprenørane har skaffa seg fleire lag og organisasjonar som får inntekter frå omsetninga i hovudspelet.


## Sentrale endringar

Eit sentralt punkt ved endringane i forskrifta var å styrke satsinga på hovudspelet. Endringane skulle også sikre at databingo ikkje tok over rolla til bingoautomatane som forsvann i 2010. Det mest sentrale her var ei grense for kor mange databingo-terminalar som kan stå i det einskilde bingolokalet. Alle lokale som skal ha databingo-terminalar må i tillegg ha ein omsetnad i hovudspelet på over to millionar kroner.



*Rådgjevar Rakel Bruteig stod for mykje av arbeidet med å evaluere betalingsformidlingsforbodet.*

*Seniorrådgjevar Tore Bell jobba i 2011 mykje med endringane i bingobransjen.*



# Første pyramidevedtak etter nye reglar

I 2011 hadde Team speleåtfred og marknadskontroll si første pyramidesak etter at den nye pyramideregelen i lotterilova kom i 2006. Tilsynet fatta vedtak mot selskapet Wealth Masters International (WMI) om stans av alt sal av WMI sine produkt her i landet.

Vedtaket vart klaga inn til Lotterinemnda, som stadfesta Lotteritilsynets vedtak. Dette var ei viktig sak, og vi har no praksis å støtte oss på neste gong vi vurderer eit pyramideliknande konsept som det finst ein del av. Arbeidet med pyramidesaker er imidlertid svært ressurskrevjande.

## Vedtak om stans av lotterikonsept

Ei anna viktig sak i 2011 galdt Cherryföretagen AB, eit svensk selskap som i januar 2011 starta nettkonseptet EuroLotto. Lotteritilsynet var raskt ute og fatta vedtak om stopp av speltilbod og marknadsføring retta mot den norske marknaden.

Vedtaket vart klaga inn for Lotterinemnda for pengespellova sin del, og for Kulturdepartementet for brot på pengespellova. Begge klageorgana fastheldt Lotteritilsynet sitt vedtak.



*Seniorrådgjevar Trude Felde jobbar i teamet som mellom anna stoppar ulovlege spel, pyramider og ulovleg marknadsføring.*

# Den regulerte marknaden nådde 26 milliardar

Lotteritilsynets førebelse tal viser at det i 2011 vart omsett for brutto 26,5 milliardar kroner i den regulerte pengespelmarknaden. I 2010 var omsetninga på nær 24,8 milliardar.

Auken skuldast hovudsakleg omsetningsauke i spel hos Norsk Tipping medrekna dei nye Multixspela, men også ein auke i spel hos Norsk Rikstoto samt ein auke i brutto omsetning for entreprenørbingo.

## Snittet 5 400 kroner

På bakgrunn av estimatet for 2011 vil kvar innbyggjar, utan omsyn til alder, i gjennomsnitt ha satsa 5 400 kroner på pengespel. Når gevinstane er trekte frå la nordmenn i 2011 igjen 8,7 milliardar kroner på pengespel. Dette utgjer 1 800 kroner per innbyggjar<sup>1</sup>.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise mållingar som Sentio Research Norge AS har utført for oss, kjem det fram at ca 400 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2011, og at ein god del av dei spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotteriinntektene som gjekk til humanitære og samfunnsnyttige formål i 2011, er enno ikkje kartlagt.

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er samla innsatsbeløp frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinstar er utbetalt. Netto omsetning blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør eller kommisjonær).

Norsk Tipping si brutto omsetning for eigne spel, eksklusiv Multix, har auka med 2 prosent frå 2010. Omsetninga blei 10,5 milliardar kroner før vi reknar med omsetning på Multix (spel på terminalane).

På Multix vart det spelt for nærmere 4,8 milliardar. Multix-spel har høg gevinstprosent, og netto omsetning utgjer 405 millionar kroner.

## Spel- og lotterimarknaden 2011

	Millionar NOK		Millions EURO <sup>2</sup>	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping - eigne spel, ekskl. Multix <sup>3</sup>	10 537	4 945	1 352	635
- Multix	4 774	405	613	52
Norsk Rikstoto	3 812	1 250	489	160
Talspelet Extra	908	457	117	59
Lotteri (eksclusiv Flax) *	400	300	50	40
Bingo *	5 700	1 300	730	170
Spel på skip <sup>4</sup>	413	85	53	11
<b>Totalt</b>	<b>26 500</b>	<b>8 700</b>	<b>3 410</b>	<b>1 120</b>
Per innbyggjar <sup>5</sup> (avrunda) Per capita	5 400	1 800	700	200

*\*) Estimert omsetning, i NOK runda av til nærmeste 100 million, og i EURO til nærmeste 10 million.*

<sup>1</sup>Avgrensa til innbyggjarar 15 år og eldre blir gjennomsnittleg satsa beløp kr 6 600,- og gjennomsnittleg tap kr 2 200,-

<sup>2</sup>Noregs Bank, års gjennomsnitt av midtkursar 2011: 7,7926

<sup>3</sup>Her innår omsetning frå Belago-terminalar. Desse står utplassert i bingohallar. Brutto- og netto omsetning utgjorde høvesvis 84 og 8 millionar kroner.

<sup>4</sup>Tal for omsetning er foreløpige / preliminary figures

<sup>5</sup>SSB, folkemengde 1. juli 2011: 4 952 982

Norsk Rikstoto hadde ei brutto omsetning på 3,8 milliardar kroner, og fekk med dette auka brutto omsetning med 4 prosent samanlikna med 2010. Talspelet Extra, som blir operert av Norsk Tipping, har hatt ein reduksjon i omsetninga på 2 prosent frå 2010.

### Mindre nedgang på skip

Foreløpige tal for spel på norskregistrerte skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn viser mindre omsetning i 2011 enn i 2010. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord (spelebord<sup>6</sup> er Black Jack og rulett). Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2011 for 413 millionar<sup>7</sup> om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 11 prosent vart satsa ved spelebord.

Tal for resten av marknaden er førebelse estimat der Lotteritilsynet har sett på eit utval innrapporterte rekneskapstal og løyve gitt i Lotteriregisteret. I tillegg har vi hatt kontakt med einskilde sentrale aktørar i marknaden.

### Bingo ca 5,7 milliardar

Foreløpige berekningar viser at bingo med og utan entreprenør hadde ei samla brutto omsetning på om lag 5,7 milliardar kroner i 2011. Omsetning for databingo er her medrekna. Også i 2011 reknar vi med ein auke for entreprenørbingo, men auken gjeld for brutto omsetning. Auken skuldast meir spel på databingo og etablering av nye hallar i 2010 og i 2011.

Etter at bingoautomatane vart fjerna 1. april 2010 har omsetninga auka sterkt for databingo. Databingo har hatt høgare gevinstprosent enn bingoautomatane og dermed reknar vi ikkje med at omsetning etter gevinstutbetaling aukar tilsvarende. Det er kome til om lag 10 nye bingohallar gjennom 2011.

I 2011 vart det gitt litt færre løyve til foreiningsbingo enn i 2010. Det kan skuldast at fleire foreiningar har fått inntekter frå entreprenørbingo. For andre lotteri reknar vi med ei noko redusert omsetning samanlikna med året før.

### Utviklinga

Millionar	2010		2011		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping - eigne spel, ekskl. Multix - Multix	10 293 3 530	4 805 320	10 537 4 774	4 945 405	2 % 35 %	3 % 27 %
Norsk Rikstoto	3 667	1 205	3 812	1 250	4 %	4 %
Talspelet Extra	927	463	908	457	- 2 %	- 1 %
Lotteri (eksklusiv Flax) *	503	402	400	300	reduksjon	
Bingo *	5 362	1 361	5 700	1 300	auke for brutto, redusert for netto omsetning	
Spel på skip <sup>8</sup>	469	90	413	85	- 12 %	- 5 %
<b>Totalt *</b>	<b>24 751</b>	<b>8 646</b>	<b>26 500</b>	<b>8 700</b>	<b>7 %</b>	<b>1 %</b>


\* Omsetninga er estimert og avrunda til nærmeste hundre million for år 2011.

<sup>6</sup>Black Jack på alle seks skipa, rulett berre på.

<sup>7</sup>Brutto omsetning : Omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjettongar som er kjøpt.

<sup>8</sup>Tal for omsetning er foreløpige.

# Norske spel og lotteri - prosentvis del av omsetninga, i år 2011



## Deltaking i norske regulerte pengespel

Lotteritilsynet får årleg gjennomført målinger om spele-åtferd i befolkninga<sup>9</sup>. Målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

Andel<sup>10</sup> som har delteke i ulike pengespel det siste året (på undersøkingstidspunktet).

Av Norsk Tipping sine spel er Lotto det spelet som flest har spelt det siste året, og i overkant av halvparten av befolkninga. Færrest har spelt på Oddsen, Keno eller på Multix. I tillegg har om lag kvar femte nordmann spelt talspelet Extra i løpet av det siste året på undersøkingstidspunktet.

På grunn av feilmarginar ved målingane vil reell andel kunne avvike noko frå det som er presentert her.

Blant Norsk Rikstoto sine hestespel er det flest som oppgir at dei har spelt spel som går ein gong i veka (V75 eller V65). Spel som kan spelast kvar løpsdag (V5, V4

eller Dagens Dobbel) eller enkeltløp (Vinner, Plass, Duo eller Trippel) er det færre som seier dei har spelt på<sup>11</sup>.

Blant private spel og lotteri er det flest som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri.

## Stort sett stabilt

Med nokre unntak er resultata for 2011 jamt over stabile samanlikna med målingane vi fekk gjort i 2010. Viking Lotto har ein stor auke i desembermålinga 2011. Dette heng saman med stor jackpot i desember månad.

Diagrammet til høgre<sup>12</sup> syner skilnader for menn og kvinner.

Menn spelar oftare enn kvinner på ei rekje spel: Lotto, Viking Lotto, Tipping, Oddsen, Keno, Multix, spela hos Rikstoto og på spel som vert tilbode på skip i utanriksfart. Kvinner kjøper oftare enn menn skrapeloddet Flax, dei spelar oftare Extra og bingospel samt at dei oftare kjøper lodd i dei mindre lotteria.

<sup>9</sup>Sentio Research Norge AS utførte målingane for oss.


<sup>10</sup>Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst for hovudfrekvensane.

<sup>11</sup>I tillegg til resultata som er vist har 2 % sagt dei har spelt hos Norsk Rikstoto utan at dei har nemnt kva type spel.


Dei fleste av desse har i tillegg nemnt spel som V75 og V65.

<sup>12</sup>Resultat frå både juni- og desembermålinga er slått saman slik at vi har data frå 994 menn og 1 007 kvinner.

## Deltaking i norske lotteri og pengespel 2011



## Kvinner og menn si deltaking i lotteri og pengespel 2011



# Stadig fleire brukar mobiltelefonen til pengespel

Litt fleire brukte Internett til pengespel i 2011 enn året før. Både Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har dei seinare åra fått meir av omsetninga si via nettet. Dessutan brukte kvar fjerde spelar mobiltelefonen til nettspel, og det er ein klar auke frå året før.

Litt fleire brukte Internett til pengespel i 2011 enn året før. Både Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har dei seinare åra fått meir av omsetninga si via nettet. Dessutan brukte kvar fjerde spelar mobiltelefonen til nettspel, og det er ein klar auke frå året før.

For 2011 viser målingane, som Sentio Research Norge AS lagar for Lotteritilsynet, at 403 000 nordmenn fra 18 år og oppover spelte pengespel på Internett. Nettspelarane utgjer 10,6 prosent av den vaksne befolkninga<sup>13</sup>.

For 2009 og 2010 berekna vi høvesvis 308 000 og 378 000 nettspelarar. Som i 2010 ser det ut til at auken første og fremst skjer på dei norske nettstadene.

## Fleire grunnar til stagnasjon

Det kan vere fleire årsaker til at vi ikkje ser auke i spelarar på utanlandske nettstadene. Grunnen kan for eksempel vere at fleire spelar på dei norske nettstadene. Men det kan også skuldast negativ omtale av einskilde utanlandske speletilbydarar, etterforsking av poker-selskap eller forbodet mot betalingsformidling som vart innført 1. juni 2010.

I målingane spør vi om dei spelar på Internett med PC eller mobiltelefon. I 2011 brukte kvar fjerde nettspelar mobiltelefonen for å delta i pengespel. Delen som spelar via mobiltelefonen er dermed dobla sidan 2010, då kvar niande nettspelar hadde spelt frå mobiltelefonen.

## Har eit etterslep

Sidan berekningane våre baserer seg på regelmessige målingar gjort gjennom heile år, har vi eit visst etterslep. Når vi spør om spelting dei siste 12 månader kan det vere at vi ikkje får fanga opp eventuelle endringar fullt ut før eit godt stykke inn i komande år. Talet på nettspelarar ved utgangen av 2011 kan difor reelt sett vere noko høgare enn det vi får fram her.

Nettspelarar deltek både på norske og utanlandske nettstader, men fleire spelar på norske enn på utanlandske. 60 prosent har i 2011 svart at dei berre har spelt på dei norske nettstadene, 20 prosent at dei berre spelte på utanlandske, og 19 prosent at dei har spelt både på norske og utanlandske nettstader.

## Stabilt estimat

Talet på spelarar som oppgir å ha spelt på utanlandske nettstader utgjer med dette om lag 160 000<sup>14</sup>. Dette er stort sett det same som i 2010, då vi også berekna spelarane til 160 000.

På Norsk Tipping og Norsk Rikstoto sine nettsider vart det totalt satsa nærmere 3,2 milliardar kroner i 2011. Dette utgjer ein auke på oppunder 600 millionar, eller 23 prosent frå 2010.

Å talfeste kor mykje som blir satsa på utanlandske nettstader er vanskeleg. Men vi reknar med at det som er satsa her i 2011 grovt sett er uendra frå 2010 då vi berekna omsetninga til om lag 5 milliardar kroner. Målingane våre viser heller ikkje endring i talet på nettspelarar på utanlandske nettstader i 2011 samanlikna med året før.


## Ofte menn

Resultata frå våre målingar i 2011 viser at blant menn har 17 prosent spelt på nettet, og blant kvinner 4 prosent. I aldersgruppa 18 til 29 år har 16 prosent spelt. I gruppa 30 til 39 år er andelen 17 prosent. I aldersgruppene 40 til 49 år og 50 år eller eldre er prosentdelen høvesvis 11 og 5 prosent.

<sup>13</sup>Målingane vart utført kvart kvartal, der 1 000 personar 15 år og eldre vart spurta om dei har spelt pengespel over Internett i løpet av det siste året. I denne gjennomgangen er utvalet avgrensa til intervjuet med personar som er 18 år og eldre. Andel nettspelarar 18 år og eldre er 10,6 prosent (N=3 773), feilmargin 1,0 prosent (+/- 9 prosent i tal nettspelarar).

<sup>14</sup>Frå målingane har 4,1 % oppgitt å ha spelt på utanlandske nettstader. 0,2 % har i tillegg ikkje oppgitt spelestad og er ikkje medrekna. Talet spelarar er avrunda.

## Kva slags spel har ein spelt dei siste tre månadane



I 2011 svarte 73 prosent av nettspelarane at dei hadde spelt talspel som for eksempel Lotto i løpet av dei siste tre månadene på undersøkingstidspunktet. Dette er om lag same prosentdel som i 2010. Ein del oppgir også å ha spelt sportsspel, og i 2011 er andelen 26 prosent av nettspelarane. For hestespel er andelen 12 prosent. Andel pokerpelarar er redusert til 12 prosent i 2011.

Ein forholdsvis mindre del (10 prosent) av nettspelarane oppgir å ha spelt på skrapelodd, andre oddsspel enn sport (10 prosent), automatliknande spel (5 prosent) eller andre kasinospel (6 prosent). Færrest (2 prosent) seier dei har spelt bingo.

### Tre av fire på Norsk Tipping

Berre Norsk Tipping og Norsk Rikstoto kan tilby regulerte pengespel på nettet her i landet. Ifølgje målingane spelte 75 prosent av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 17 prosent spelte hos Rikstoto i løpet av dei siste 12 månadene.

Blant dei spurde er det to utanlandske nettstader der 10 prosent eller fleire oppgir å ha spelt det siste året. Dette gjeld Unibet (14 prosent) og PokerStars (11 prosent).

### Frekvens og innsats

I 2011 har 53 prosent av spelarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i kvar talet. Gjennomsnittet er 21,8 gonger, eller i overkant av halvannan gong i veka. Når det gjeld innsats, seier 47 prosent at dei spelte for 100 kroner eller mindre siste gongen dei spelte. Gjennomsnittsbeløp for det ein vanlegvis spelar for er 255 kroner<sup>15</sup>.

<sup>15</sup>Snittal for gonger spelt i kvartalet er 21,8 gonger, (N=391), feilmargin 2,7 gonger (+/- 12 prosent gonger spelt i kvartalet). Snittal for vanlegvis innsats er 255 kroner (N=379), feilmargin 44 kroner (+/- 17 prosent).

# Trafikken på Hjelpelinja auka med 12 prosent

For andre år på rad auka trafikken på Hjelpelinja i 2011. Over tid er det endringar i korleis samtalane fordeler seg på ulike pengespel.

Samtalar om poker er det blitt færre av, men poker-samtalar er framleis eit pengespel som blir mykje omtalt. Også oddsspel, kasinospel og bingospel er ofte tema i samtalane.

## Nesten 1200 samtalar

Lotteritilsynet samarbeidar med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om Hjelpelinja for speleavhengige. I 2011 hadde Hjelpelinja 1 177 seriøse samtalar om speleproblem. 1 010 av desse handla om spelarar. Samtalar om spelarar auka med 12 prosent frå året før.

Talet på samtalar om pengespel utgjer 746, og har auka med ni prosent sidan 2010. Samtalar som utelukkande handlar om dataspel utgjer 264. Her er auken 21 prosent.

## Menn er yngre

Blant dei som ringde, eller vart omtalt ved Hjelpelinja om pengespelproblem i 2011, er 84 prosent menn. Gjennomsnittsalderen for menn er nær 36 år. For kvinner var snittalderen nær 47 år.

Frå 2011 har Hjelpelinja registrert om spelar er fødd i Norge eller ikkje. 20 prosent av samtalane om pengespel handlar om spelarar som ikkje er fødde her i landet. For dataspel er andelen fem prosent.

## Fire spel peikar seg ut

Blant førstegongs samtalar er poker og oddsspel nemnt oftast som hovudproblemsspel, med høvesvis 122 og 120 samtalar. Samtalar om poker er dei siste åra blir færre. Samtalar om oddsspel hadde ein stor auke i 2010. Men oddsspel hadde noko færre samtalar i 2011.

Særleg samtalar om kasinospel, men også bingospel og spel på Norsk Tippings Multix-terminalar, har hatt ein auke. 109 samtalar handla om kasinospel på Internett, 104 galdt bingospel, og hovudsakeleg databingo i bingohallar. Talet på samtalar om Multix utgjorde 25.

Hestespel var det einaste eller det mest problematiske spelet i 54 samtalar.

### Tre av fire frå statlege spel

Hjelpelinja registrerer i kva grad samtalar om oddsspel gjeld Norsk Tipping, og i kva grad samtalar om hestespel gjeld Norsk Rikstoto. Når odds er nemnt som hovudproblemspel, har 76 prosent sagt at det gjeld spel frå Norsk Tipping.

Tilsvarande er det registrert i 74 prosent av samtalene om hestespel at det blir spelt hos Norsk Rikstoto. Desse prosentdelane kan reelt sett vere noko større sidan ikkje alle som nemner odds- eller hestespel samstundes nemner kven dei spelar hos.

Fleire av problemspela blir spelt på Internett, og poker, kasinospel og oddsspel blir ofte nemnde. I førstegongs samtalar om pengespel oppgir 61 prosent at hovudproblemspelet blir spelt frå PC heime. I tillegg spelar 12 prosent frå PC på arbeidsplassen. Færre nemner at det blir spelt frå mobiltelefon – talet var to prosent.

Hjelpelinja mottar også samtalar om dataspel – det vil seie spel som ikkje er pengespel. I 2011 har 264 samtalar handla utelukkande om dataspel. I 2010 var talet 219. Mange av samtalene handlar om rollespel (56 %) og ein del nemner action- eller skytespel (19 %).

Samtalar om dataspel kjem oftast frå pårørande. I 98 prosent av samtalene er spelaren mann eller gut, og snittalderen er nær 19 år.



*Trond Aspland er dagleg leiar ved Hjelpelinja for speleavhengige.*

# Momskompensasjon



Berit Hovland er avdelingsdirektør i administrasjonen, som har ansvaret for fordeling av momskompensasjon.



Momsteamet i 2011, frå venstre teamleiar Bjarne Hellem, Beate Varlid, Ragnhild Skår, Justin Mulindabigwi og Jorunn Hope.

# Over 600 millionar til frivillige organisasjonar

Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde 602,7 millionar kroner til utdeling som momskompensasjon til frivillige organisasjonar i 2011. Av desse vart 597,1 millionar kroner delt ut til 699 frivillige organisasjonar for søknadsåret 2011.

Dessutan vart det betalt ut 5,6 millionar kroner som følgje av klagesaker frå 2010 som vart avgjort i 2011. Her er det snakk om momskompensasjon for varer og tenester.

I tillegg fordeler vi også momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg. Her vart 40,4 millionar kroner utbetalet i 2011 (sjå eigen artikkel).

## Liten auke i talet på søknader

Ramma for tildeling av momskompensasjon auka frå 392,3 millionar kroner i 2010 til 602,7 millionar i 2011. Totalt kom det inn 880 søknader, og det er ein auke på 11 frå året før. Sjølv om det var mange nye søkerarar, skuldast nok den låge auken i stor grad at mesteparten av dei som fekk avslag året før ikkje sende inn søknad i 2011.

Søknadsfristen i 2011 vart sett til 15. august. Denne vart publisert på heimesidene til Lotteri- og stiftelsestilsynet og Kulturdepartementet, forutan som annonse i ca. 80 aviser og på facebook og twitter.

## Avkorting på 49 prosent

Totalt vart det i 2011 søkt om kompensasjon for i overkant av 1,2 milliard kroner. Dette er ein nedgang på ca. 50 millionar kroner fra året før. Godkjent søknadsbeløp gjekk likevel opp, og enda på nesten 1,2 milliard kroner. Avkortinga av søknadsbeløpet gikk såleis ned frå 65 prosent i 2010 til 49 prosent i 2011.

Intensjonen om å nå aktørar på lokalplanet står ved lag. Totalt 14 248 lag og organisasjonar mottok kompensasjon i 2011, noko som er ein auke på 1 091 frå 2010. Momskompensasjonen fordelte seg slik mellom dei forskjellige organisasjonsledda i 2011:

Også i år gjekk over halvparten av midlane til lag og organisasjonar som driv lokalt og regionalt, heilt i tråd med målet med ordninga.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har også i 2011 motteke gode tilbakemeldingar på søknadsprosessen. Sentralledda er blant anna svært fornøgde med at dei etter tildelinga får tilsendt ein oversikt over kva for beløp dei skal betale vidare til kvart enkelt underledd.

## Ingen større endringar

Der var ingen vesentlege endringar i ordninga etter det første året, men nokre få justeringar som følgje av utilsikta verknader vart likevel teke inn i forskrifta i 2011. Det er framleis to modellar å søke etter: Ein forenkla modell basert på driftskostnader, og ein dokumentert modell basert på faktiske kostnader til meirverdiavgift

I 2011 kunne lag og foreiningar for første gong sende elektronisk søknad om momskompensasjon. I alt kom det inn 318 elektroniske søknader, og dette var vi godt nøgde med. Håpet er at stadig fleire nyttar sjansen til å søkje elektronisk..

### Oversikt tildelt mva-kompensasjon 2011 pr. organisasjonstype

	Talet på organisasjoner	Tildelt	Prosentvis andel tildelt beløp
Sentralledd	162	103 926 598	17 %
Aksjeselskap	43	5 234 004	1 %
Regionalledd	802	73 977 901	12 %
Lokalledd	12 705	269 938 211	45 %
Enkeltstående søker	536	144 049 722	24 %
<b>Totalt</b>	<b>14 248</b>	<b>597 126 436</b>	<b>100 %</b>

Også i 2011 nytta flest søkerar seg av den forenkla modellen. Av dei godkjende søknadene hadde 592 søkt etter den forenkla modellen, mens 107 søkte etter den dokumenterte.

### Flest avslag til underledd

Fleirtalet av dei avslagne og avviste søknadene i 2011, var underledd som ikkje har høve til å søkje sjølve. Desse vart også dette året lagt til søkerne til sentralledda, slik at dei likevel fekk kompensasjon. Ut over desse vart fleirtallet avvist eller avslått på grunn av manglande registrering i Frivillighetsregisteret, for tett tilknyting til det offentlege, for seint levert søknad eller formelle manglar ved søknaden.

### Kontroll i 2011

Våren 2011 vart det utført kontroll av dei tildelte midlane for 2010. I første omgang vart det kontrollert om sentralledda hadde vidarefordelt midlane i tråd med vedtaka våre. Det vart funne nokre små avvik i denne kontrollen.

Det vart også utført ein kontroll på dokumentasjon hjå underledda om dei kjem under målgruppa for ordninga. Denne kontrollen avdekkja større avvik, særleg med tanke på kostnader som ikkje kjem inn under ordninga.

Teamet som jobba med momskompensasjon utgjorde seks personar i 2011.

# Nesten 25 millionar til idrettsanlegg

I desember 2011 betalte Lotteri- og stiftelsestilsynet ut 24,3 millionar kroner i momskompensasjon for bygging av idrettsanlegg. Pengane gjekk til 73 godkjende søkjarar. For søknadsåret 2011 vart ramma sett til 60 millionar kroner. Ramma for 2011 vart difor ikkje brukt opp, og det vart av den grunn heller ikkje noko avkorting.

Talet på søkjarar auka med 32 til 108 i 2011. Søknadsbeløpet auka med vel 16,1 millionar kroner til nesten 35 millionar.

Ramma for momskompensasjon på idrettsanlegg i 2010 kunne overførast til 2011. I første halvdel av 2011 vart difor 14,3 millionar kroner utbetalt til søkerane for 2010. Ramma på 50 millionar kroner for 2010 vart såleis heller ikkje brukt opp.

## Fleire kriterium

Denne ordninga omfattar idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i fjellet som har ein godkjend spelemiddelsøknad. Andre kriterium for å få kompensasjon er at anlegget og anleggsrekneskapen er ferdig og gjennomgått av revisor, forutan at det var byggjestart på anlegget etter 1. januar 2010.

Søknadsfristen for momskompensasjon på idrettsanlegg vart i 2011 flytta fram til 15. august, slik at Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk handsama søknadene og betalt ut pengane før utgangen av året.

## 35 avslag og avvisinger

Totalt vart 35 søknader avviste eller avslechte i 2011, hovudsaklig på grunn av manglende vedlegg eller fordi byggjestart på anlegget var før 1. januar 2010. Dei som vart avslechte på grunn av formelle feil, for eksempel manglende revisorrapport, har høve til å søkje igjen ved den neste søkerunden.



Bjarne Hellem er seniorrådgjevar og står sentralt i arbeidet med momskompensasjon.

# Tryggleik og tillit



**Tilsynsmetodikk**  
for Lotteri- og stiftelsetilsynet



Lotteri- og  
stiftelsetilsynet

# Profesjonelt og korrekt tilsyn

For Lotteri- og stiftelsestilsynet er det eit overordna mål at tilsyn skal skje på ein profesjonell, effektiv og korrekt måte. For å nå dette målet har vi utarbeidd eit nytt metodedokument for korleis vi skal velje ut saker og gjennomføre tilsyn.

For Lotteri- og stiftelsestilsynet er det eit overordna mål at tilsyn skal skje på ein profesjonell, effektiv og korrekt måte. For å nå dette målet har vi utarbeidd eit nytt metodedokument for korleis vi skal velje ut saker og gjennomføre tilsyn.

Den nye tilsynsmetodikken vart teken i bruk mot slutten av 2011. Metoden er i tråd med Lotteri- og stiftelsestilsynets langsiktige strategi for å styrke tilsynsarbeidet. Her er det viktig å utvikle ein felles måte å utøve tilsyn på. Dermed sikrar vi at einskildsaker som blir prioritert i tilsynsarbeidet gir best mogleg langsiktig effekt av tilsynsaktiviteten.

## Samla i ei handbok

Tilsynsmetodikken er samla i ei handbok. Det er viktig at vi ser alle aktivitetane i Lotteri- og stiftelsestilsynet i samanheng – både forvaltnings- og tilsynsoppgåver.

Ein grunnleggjande føresetnad er at tilsynssakene våre blir prioriterte ut frå risiko- og vesentlegvurderingar. Metodikken gir våre tilsette føringer og rettleiing for korleis tilsyn med lotteri og pengespel, stiftelsar og momskompensasjon skal planleggjast, gjennomførast og rapporterast på.

## Grunnleggjande krav

For Lotteri- og stiftelsestilsynet er det viktig at gjennomføring av tilsyn i størst mogleg grad blir opplevd som ryddig for dei som blir omfatta av tilsynssakene.

## Vi stiller tre grunnleggjande krav til tilsynsrolla vi har.

1. Den skal vere basert på rettstryggleik. Utøving av tilsyn må både vere normbunden og heimla i lov. Avgjerder og vedtak må vere føreseieleg, objektive og ikkje bere preg av å vere vilkårlege.
2. Den skal vere basert på legitimitet. Dette vil komme som eit resultat av at kravet om rettstryggleik er sikra. I tillegg vil det m.a. vere vesentleg at grunnlaget for fagtilsyna sine vurderingar er ope uttalt og kan overprøvast.
3. Den skal vere basert på effektivitet. Tilsynsarbeidet må vere innretta slik at det blir oppnådd størst mogleg effektivitet i prioriteringane. Tilsynet må dessutan vere organisert slik at det blir drive organisert, og på ein måte som gjer at vi når måla utan bruk av unødvendige ressursar.

# Ryddig og brukarvenleg

Lotteri- og stiftelsestilsynet Framsida » Lotteri- og stiftelsestilsynet

LOTTERI - OG STIFTELSESTILSYNET

https://lottstift.no/

Apple | Yahoo! | Google Maps | YouTube | Wikipedia | Nyheter | Populære | The Fargrip... eksort & Spa | Flickr: Lott... Photostream

English | Bokmål | Nynorsk | Sami | Om Lytt til lokalen | Høykontrast | Sidekart | A A

Lotteri- og stiftelsestilsynet

Framsida | Om oss | Kontakt oss | Pressrom | Postjournal | Blogg | Stilling ledig | Søk

**Lotteritilsynet**



- » Bingo
- » Andre lotteri
- » Sekje om tilskot
- » Poker og nettspel
- » Spelproblem
- » Reknaksrapport

Gå til Lotteritilsynet »

**Stiftelsestilsynet**



- » Stiftelsesregisteret
- » Ny stiftelse
- » Tips oss
- » Endre stiftelse

Gå til Stiftelsestilsynet »

**Momskompensasjon**



- » Kan vi sekje?
- » Info til revisor
- » Regalverk
- » Seknadsmodellar
- » Lokal-regionaledd

Gå til Momskompensasjon »

Lotteri- og stiftelsestilsynet

Adresse: Storehagen 1b • Postboks 800, 6805 Fredrikstad • Meir kontaktinformasjon  
Tlf. +47 57 82 80 00 • Fax: +47 57 82 80 80 • postmottak@lottstift.no • Om nettstaden

# Ny nettside og blogg

I august 2011 fekk vi nye nettsider, og vi valde den frie programvaren WordPress som publiseringstøy. WordPress er mest kjent som bloggplattform, men blir i dag brukt på fleire millionar både små og store nettsider.

Vi valde dette verktøyet fordi vi meiner det er enkelt, billig og gir oss god kontroll på utgittene vidare. Dessutan er WordPress enkelt å bruke. Samstundes gir det utfordringar for avanserte brukarar.

Vi kan også oppdatere alt på heile nettstaden frå alle slags PC-er berre vi har tilgang til Internett. WordPress er dessutan søkemotorvenleg. Vedlikehaldet av dette "gjer-det-sjølv"-verktøyet tek vi sjølve, noko som krev kompetanse og tett oppfølging.

## Brukaren i høgsetet

Brukaren vart sett i høgsetet då vi bygde nye nettsider. Vi har difor skilt tydeleg mellom fagområda Lotteritilsynet, Stiftelsestilsynet og momskompensasjon. Det dei mange tusen brukarane av våre offentlege tenester spør etter og treng, ligg til grunn for utforming og innhald.

Vi har i tillegg fått ein ny visuell profil, og vi har språkvaska alt innhald i samsvar med vår nye språkprofil (sjå eigen artikkel). I tillegg har vi brukartesta vår universelle utforming, og vi har gjort endring til det betre undervegs. Nettstaden har all statisk informasjon både på nynorsk og bokmål, og vi tilbyr enkelte nettsider på samisk og på engelsk.

## Publikum fornøgd

Brukundersøkinga i 2011 viste også at publikum er godt fornøgd med dei nye nettsidene. Vi fekk fire stjerner i Difis kvalitetsundersøking for 2011, men lansering av ny nettside er ein prosess som treng nokre månader med intensivt arbeid. I november var alt på plass for å få seks stjerner.

Samstundes som vi laga ny nettside, oppretta vi blogg der vi deler tankar og synspunkt på ansvarsområdet vårt på ein litt mindre byråkratisk måte enn elles. Bakgrunnen er at vi kan mykje om det vi driv med. Fagkunnskapen vår er difor etterspurd i samfunnsdebatten.

## Sosiale kanalar

Aktuelle nyheitssaker og blogginnlegg deler vi på sosiale medium som Twitter og Facebook. Vi tok også i bruk ny teknologi då vi overførte Stiftelseskonferansen direkte på nettet. Alle føredraga er tilgjengelege på video på nettsida til Stiftelsestilsynet. Dette er ein god og nyttig kunnskapsbase for styremedlemmer i norske stiftelsar.

Det blir stadig stilt større forventningar til at offentlege verksemder skal vere opne, tilgjengelege og effektive. Samstundes er det utfordringar når det gjeld lovverk, personvern og rolleforståing. Dette opptek oss i Lotteri- og stiftelsestilsynet, og vi brukte mykje tid i 2011 på å diskutere dilemma og utfordringar knytt til det å vere til stades på sosiale kanalar.

## Nettsidene viktigast

Nettsidene er framleis det viktigaste for oss. Men det er stadig fleire som ventar at vi også er til stades på nye kanalar, og at vi deler aktuell informasjon, yter service og samhandlar i det offentlege rom. Dessutan meiner vi det er effektiv spreiing av nyttig informasjon.

Alt kviler på Grunnloven § 100, som lyder: Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for en aaben og oplyst offentlig Samtale. Dette tek vi på alvor.

# Klart og tydeleg



Dette er gruppa som ha ansvaret for å følgje opp klarspråkprofilen, framme frå venstre Øystein Fosstvedt, Synnøve B. Pukallus og Liv Tystad. Bak frå venstre Trude Felde, Rune Timberlid og Beate Varlid.

# Forstått på første forsøk

Alt våre tilsette skriv skal bli forstått på første forsøk. Det er målet med eit klarspråkprosjekt som Lotteri- og stiftelsetilsynet gjennomførde i 2011.

Prosjektet munna ut i ein eigen språkprofil som vart teken i bruk etter sommarferien. Her blir det klart skissert korleis vi skal kommunisere skriftleg med alle våre brukarar. Våre tilette har dagleg skriftleg kontakt med alt frå profesjonelle aktørar i store stiftelsar til tillitsvalde i små lag og foreiningar. Dette er utfordrande språkleg sett.

## Starta med kurs

For å motivere til å tenke klarspråk starta vi med eit språkkurs ein halv arbeidsdag for alle tilsette. Deretter jobba ei breitt samansett prosjektgruppe fram eit utkast til språkprofil, som så vart vedteken av leiarteamet. Vi har kjøpt konsulenttenester frå Språkbruket i Førde. Hausten 2011 fekk vi dessutan eit tilskot på 110 000 kroner frå Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) til klarspråkprosjektet, mot at vi stilte med ein viss eigendel.

## Standardbrev viktige

Full gjennomgang av alle brevmalar og standardbrev var ein viktig del av klarspråkprosjektet. Til saman har vi ca. 100 slike malar og standarbrev i dei to fagtilsyna og momsteamet. Mange av desse er blitt vesentleg lettare å lese for mottakaren, og her ligg det ein stor og varig språkleg vinst.

I tillegg hadde vi full gjennomgang av språket på våre nye nettsider, som vart tekne i bruk på seinsommaren (sjå eigen artikkel).

## Høg prioritet

Oppfølginga av språkprofilen har høg prioritet i leiarteamet. Difor er det oppnemt ei gruppe av personar med representantar frå alle teama som produserer tekst. Desse superbrukarane er ansvarlege for at klarspråk blir tema på møte i alle aktuelle team i Lotteri- og stiftelsetilsynet.



# Dialog og service



# Nyttige svar i stor brukarundersøking

Hausten 2011 gjennomførte vi ei brukarundersøking for å finne ut meir om kva vi er gode på, og kva vi kan gjere for å bli betre. Vi har fått gode tilbakemeldingar og nyttige innspel. Resultatet er blitt offentliggjort - også kva vi gjer med den nye kunnskapen.

Til saman 600 brukarar av Lotteritilsynet, Stiftelses-tilsynet og ordninga med momskompensasjon deltok. Brukarane vart spurde om dei får nok informasjon, om informasjonen er lett å finne, om lovverket blir formidla slik at dei forstår oss og om servicenivået vårt. I tillegg hadde vi djubdeintervju med grupper på ti personar innanfor alle dei tre fagområda.

## Nyttige svar

Undersøkinga, som vi gjorde i samarbeid med Moods Qualitative Research og Norfakta i Trondheim, gav oss nyttige svar. Hovudkonklusjonen er at brukarane våre alt i alt er svært nøgde med tenestene som vi yter til dei. På område som informasjon og rettleiing, serviceinnstilling og kompetanse skårar alle fagområda våre høgt. Det gjeld også tilbakemeldingane om dei nye nettsidene våre, og for brukarane sin tillit til sakhandsaminga.

## Nyheitsbrev

Det er likevel potensiale for høgare skår på alle områda, og vi vil setje i verk tiltak for å oppnå dette. Difor vil vi i 2012 tilby brukarane våre abonnementsbaserte nyheitsbrev på e-post. Vi skal også informere betre om kva rettar brukarar har, ikkje berre plikter.

Dessutan skal vi bruke meir e-post i korrespondanse med brukarar, og vi skal presentere regelverket klarare på nettsidene. Vi jobbar også no med å gjøre søknadskjema meir brukarvenlege. Planen er å gjøre ei liknande undersøking i 2012 for å måle resultatet av desse tiltaka.

## Verktøy for forbetring

Vi vil rette ein stor takk til alle som deltok. Brukarundersøkingar kan vere gode verktøy for forbetring av tenester, dersom funn blir følgde opp med relevante tiltak. Dette har vore viktig for oss, og vi har presentert og diskutert undersøkinga både i leiargruppa, i alle team, på allmøte og i blogg og andre sosiale medium.

Vi skal som tilsyn strekke oss langt for å bli oppfatta som ryddige, truverdige og hjelpsame. Vi skal ha ein open og aktiv kommunikasjon i tråd med våre eigne verdiar (truverdig, hjelksam og samhandlande) og Statens kommunikasjonspolitikk.

Sluttrapporten frå Moods er tilgjengeleg på bloggen vår og på Twitter og Facebook.

# Kvinnesterkt leiarteam



Dette er leiarteamet i Lotteri- og stiftelsestilsynet etter endringane i 2011. Framme frå venstre avdelingsdirektør Gunn Merete Paulsen i Stiftelsestilsynet, direktør Atle Hamar og fagdirektør Kåre Eide i teknisk avdeling. Bak frå venstre kommunikasjonsdirektør Anne-Mette Hjelle, fagdirektør Berit Hovland i administrativ avdeling og avdelingsdirektør Elna Berge i Lotteritilsynet.

# Fleire endringar i leiinga

Det var stor utskifting i leiarteamet i Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2011.  
Tre nye avdelingsleiarar kom på plass.

## Her er endringane:

- Anne-Mette Hjelle vart tilsett som ny kommunikasjonsdirektør. Ho erstatta Rune Timberlid som gjekk over i stilling som seniorrådgjevar i Samfunnskontakt.
- Kåre Eide overtok som leiar av avdeling for teknikk, utvikling og drift (TUD). Han overtok etter Jan Støfring som slutta i tilsynet for å leie næringsarbeid i Sunnfjord.
- Gunn Merete Paulsen overtok som avdelingsleiar i Stiftelsestilsynet etter Finn Sørhus. Han held fram i ei stilling som fagg direktør, der han skal jobbe med eit kunnskapsprosjekt i tilsynet.

Både Jan Støfring og Rune Timberlid hadde vore med i leiarteamet sidan Lotteritilsynet vart opna i januar 2001. Finn Sørhus var den første avdelingsdirektøren i Stiftelsestilsynet, som frå starten i 2005 vart samlokalisert med Lotteritilsynet i Førde.



# Ti år med tilsyn i Førde



Tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet i jubileumsåret 2011.

# Flytting av tilsyn var jubileumstema

Lotteri- og stiftelsestilsynet markerte sine første ti år med eit seminar om utflyttinga av tilsyn frå Oslo. Professor Victor D. Norman var ein av bidragsytarane på seminaret i Førde i januar 2011.

Victor D. Norman var arbeids- og administrasjonsminister då åtte tilsyn vart flytta frå Oslo til andre stader i landet tidleg på 2000-talet. Utflyttinga vart svært omstridd, og på dagsseminaret vart status gjort opp etter at dei utflytta tilsyna hadde vore etablert i nye miljø nokre år.

## Har forska på emnet

Professor Jarle Trodal ved Universitetet i Agder er mellom dei som har forska mest på kva for effekt flyttinga av dei åtte tilsyna fekk – både for tilsyna sjølv og distriktet dei vart etablert i på nytt. Han presenterte resultata på seminaret.

Difi har forska på kva dei tilsette i tilsyna opplevde under flytteprosessen og etterpå. Om dette emnet bidrog seniorrådgjevar Inger Johanne Lundby.

Egentleg var det Lotteritilsynet som runda sitt første tiår i 2011. Stiftelsestilsynet vart etablert og samlokalisert med Lotteritilsynet frå 2005. Etter kvart kom også oppdraget med å fordele momskompensasjon til. Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde såleis ansvaret for tre forskjellige fagområde då det første tiåret var passert.

## Sunnfjord stort nok

Under dagsseminaret i Førde snakka direktør Atle Hamar om erfaringane med å drive eit statleg tilsyn frå eit utkantfylke. Han konkluderte med at Sunnfjord og Førde var stort nok til at det kunne byggjast opp eit tilsyn med den ønskete kompetansen. Det har heile tida vore ein attraktiv lokal arbeidsplass.

10-årsjubileet vart også markert med ei bok om Lotteritilsynets soge dei første ti åra. Boka har tittelen Vern av verdiar, og er tilgjengeleg for interesserte som ønskjer eit eksemplar.

## Kulturministeren opna

2011 vart elles det første heile året Lotteri- og stiftelsestilsynet heldt til i dei nye lokala i Storehagen Atrium. Kulturminister Anniken Huitfeldt stod for den offisielle opninga av bygningen same dagen tilsynet arrangerte seminaret – 11. januar.



*Odd Einar Dørum var justisminister både då Lotteritilsynet og Stiftelsestilsynet vart etablert.*



*Tre gjester som bidro under jubileumsseminaret, frå venstre professor Victor D. Norman, seniorrådgjevar Inger Johanne Lundby og professor Jarle Trodal.*

# Nøkkeltal 2011

- Ved utgangen av året var det 62 fast tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet.
- Av desse var 22 tilsette i Lotteritilsynet og 14 i Stiftelsestilsynet.
- 30 tilsette var knytte til stabs- og støttefunksjonane, forutan direktør, sekretariat for Lotterinemnda og dei fem som jobba med momskompensasjon.
- 35 av dei tilsette var kvinner - 27 var menn.
- Gjennomsnittsalderen for kvinnene var 45,6 år - for mennene 46,9 år.
- Det er 56 pst kvinner i organisasjonen.
- Rekneskapen for dette året viste utgifter på 66,5 millionar kroner.
- Dette var 5,3 millionar kroner under tildelt sum.
- Underforbruket skriv seg frå sparte lønsutgifter og mindre kjøp av konsultenttenester og tenester.
- Refusjonen frå Norsk Tipping var på vel 36,6 millionar kroner.
- Refusjonen frå Norsk Rikstoto var på vel 2,2 millionar kroner.
- Gebyr på pengespel gav vel 9,6 millionar kroner i inntekter.
- Årsavgift på stiftelsar utgjorde vel 18,1 millionar kroner.
- Gebyr frå nye stiftelsar nådde vel 290 000 kroner.
- Sjukefråværsprosenten var 3,6 pst for dei tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet.



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde  
Tlf.: 57 82 80 00 - Fax: 57 82 80 80  
[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)  
[lottstift.no](http://lottstift.no)

